

INFORMASJON

Kommune / fylkestingsval 2023



Eit godt og meningsfullt liv i Kvinnherad

Alf Jarle Langeland

1. kandidat KrF Kvinnherad



Tid til det viktigste



Møt våre toppkandidatar

Inger-Elin Nesheim

2. kandidat
Fra Sæbøvik

Hjarta brenn for at Kvinnherad kommune skal ha gode lokalsamfunn med plass for alle typar menneske, med menneskeverd og raushet i sentrum.

Eg er oppteke av eit Kvinnherad-samfunn bygd nedanifrå og opp; basert på eit godt samspel mellom enkeltmenneske og private - og offentlege tenester og den rike ressursen i frivilligheita.

Brenn særskilt for at barn og unge skal ha gode oppvekstkår, med raus, inkluderande og praktisk skule og barnehagekvardag.

Alf Jarle Langeland

1. kandidat
Fra Valen

Eg vil arbeida for at kommunen har ei ansvarleg økonomisk utvikling. Nye investeringar må ikkje auka den samla lånegjelda, det må ikkje bli slik at me sender rekninga til kommande generasjonar.

Vedlikehaldet på dei kommunale bygga må styrkast og sørnga for dei held dei gjeldande krava.

Eg ynskjer satsing på skulen, og ein tidleg innsats slik at barn og unge får raskt hjelp både fagleg, ved mobbing og ved psykiske utfordringar.

Elisabet Boge

3. kandidat
Fra Rosendal

Mitt hjarta brenn for at Kvinnherad kommune skal være ein trygg og bra plass for alle - uansett bakgrunn.

Eg synest det viktig å passe på både nåverande og neste generasjon. Alle skal ha bra psykisk helse, og alle barn skal ha like moglegheiter. Eg ønsker å forbetra bussordninga og gjere det mogleg å komme seg rundt i kommunen heile døgnet.

Eg ønsker at alle skal ha moglegheit til å få seg sommarjobb og få nyttig erfaring. Vi trenger fleire varme hender i omsorgssektoren, noko det vil bli enda meir behov for i framtida.

Helsehjelp når du trenger det

KrF meiner at vi som samfunn og fellesskap skal stille opp for kvarandre i sårbare fasar. Ein slik sårbar fase er når sjukdom rammar.

Vi vil jobba for ein verdig og trygg alderdom gjennom førebyggjande heimebesøk og bruk av omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering slik at dei eldre får bu i eigen heim så lenge dei ønsker og kan. Samstundes som vi sikrar god dekning av heildøgns omsorgsplassar.

Vi ønsker å ta vare på verdifull kompetanse gjennom god seniorpolitikk innafor helse og omsorgsyrka. Med tiltak der blant anna arbeidstakarar frå 62 år og oppover får moglegheit til å jobbe i redusert stilling til full løn.

KrF vil også samarbeida med dei frivillige organisasjonane sine tenester og støtte familiane i å ta vare på sine kjære mot slutten av livet.

KrF vil:

- Etablere dagsenter for personar med demens.
- Tilbod om rask psykisk helsehjelp.
- Godt ettervern for personar på veg ut av eit liv i rus, og styrke rusførebyggjande tiltak.
- Sikre at åndelege behov vert ivaretekne.

Alf Jarle Langeland

1. kandidat



“

For eit godt og
meningsfullt liv i
Kvinnherad – heile livet.

Familie og oppvekstpolitikk

KrF vil gi barnefamiliane eit langt større rom til å forme sin eigen kvardag. Vi vil styrke familiane og ikkje styre dei.

KrF vil:

- Innføre gratis barnehage frå og med barn nummer tre.
- Auke satsing på fysisk aktivitet og praktisk-estetiske aktivitetar i grunnskulen Gjerne ved å samarbeida med frivillige aktørar og lag.
- Sikre at familiar som ventar eller har fått barn med funksjonshemming får hjelp av koordinator så tidleg som råd.
- Styrka helsesjukepleiarordningen på skulane.
- Innføre fritidskort for barn mellom 6 – 18 år.
- Legge til rette for at den kristne kulturarva vert ivareteken, til dømes gjennom tilbod om skulegudstenester.



Inger-Elin Nesheim

2. kandidat

Vern av natur og miljø

Vi må ha som mål å overlevera natur og miljø i betre stand til våre etterkommarar enn da vi sjølv overtok ansvaret.

I Kvinnherad vil vi:

- Jobba for berekraftig utvikling av oppdrettsnæringa.
- Sei nei til vindkraftutbygging i Kvinnherad.
- I kommunale planar skal biologisk mangfald og verdien av urørt natur vege tungt.
- Støtte oppgradering av eksisterande vasskraft framfor utbygging av ny.
- Utvikle ordning for innsamling og resirkulering av tekstilar, og kjeldesortering av alt kommunalt avfall og hytteavfall.
- Fremma bærekraftig turisme som næring.



Elisabet Boge

3. kandidat

10 grunnar

for å stemme KrF

1 - Gratis barnehage frå barn nummer tre

Fødselstala i Noreg går nedover, men me opplever at her i Kvinnherad ligg det godt til rette for å få fleire barn.

Skal Kvinnherad kommune nå måla om stigande innbyggjaratal framover, trengs konkrete strategiar. Difor ønsker Kvinnherad KrF å innføre gratis barnehage for familiar som får fleire enn to barn.

2 - Styrke det frivillige arbeidet i kommunen

Dugnadsånda i Kvinnherad kommune er heilt fenomenal – og me bøyer oss i respekt for alle dugnadstimanen som innbyggjarane legg ned i frivillig arbeid av ulikt slag. Verdien av denne ressursen er enorm, og gevinsten for enkeltmenneska som deltek er meining i kvardagen, tilhørighet og samhald. Den største gleda du kan ha, er faktisk å gjera andre glad!

Me vil støtta den frivillige innsatsen framover, innafor både idrett, kultur, religiøse forsamlingar og bygdalag.

3 - Fleire sommarjobbar for unge

KrF vil etablere fleire sommarjobbar og deltidsstillingar for ungdom frå 14 års alderen i ulike tenester. Særleg i omsorgssektoren for å auka rekruttering av helsearbeidarar.

4 - Tilbod om rask og god psykisk helsehjelp

Dei psykiske utfordringane aukar i befolkninga og dei som treng, må få god hjelp rask. Skulen må få ressursar til helsesjukepleiar og for aktiv arbeid for å førebygga mobbing og utestenging.

5 - Menneskeverd i alle fasar av livet

Ingen skal sorterast bort. Alle er like mykje verd, og samfunnet treng og dei menneska som treng hjelp. KrF vil sikre at familiar i Kvinnherad som

ventar eller har fått barn med funksjonshemming får hjelp av koordinator så tidleg som råd.

6 - Styrka vedlikehald og oppgradering av kommunale bygg.

Dei kommunale bygga har store vedlikehaldsetterslep. Me må ta vare på bygga våre. Manglande vedlikehald blir svært dyrt over tid, og bygga må minst oppretthalde gjeldande krav.

7 - Legge til rette for at pensjonistar framleis kan vere ein ressurs i samfunnet

KrF vil gjennom frivillig arbeid og deltidsarbeid legge til rette for at pensjonistar framleis kan vere ein ressurs i samfunnet. Til dømes gjennom seniortiltak med reduserte stilling til full løn.

8 - Etablere Hent Meg-bussordning

Me ynsjer å få til ei "Hent Meg-bussordning" i kommunen vår. Kvinnherad har ein sprett busetnad og dårleg busstilbod. Me treng ei meir fleksibel bussløyising. "Hent Meg" buss vil være eit bra tilbod for både unge og eldre.

9 - Sunn kommuneøkonomi

KrF Kvinnherad vil arbeida for ein sunn kommuneøkonomi der ein ikkje aukar den totale lånegjelda.

10 - Arbeide for kortare reiseveg mot E39

Kvinnherad er ein del av eit stort arbeidsmarknad i Sunnhordaland. Ei raskare reisetid i regionen er viktig å få til raskast mogleg. Vegane i kommunen er også dårlege. Me må jobba målretta mot fylke for betre vedlikehald og rassikring. KrF vil støtta Kvinnheradpakken og vil prioritera gang- og sykkelveg.

Samferdsle, landbruk og distrikt

Transport er ein nødvendig del av folks kvardag – og avgjerande for næringslivets moglegheiter for verdiskaping, spesielt i kommunar som vår. Me vil derfor:

- Arbeida målretta mot fylket for rassikrings-tiltak og vedlikehald av fylkesvegane.
- Arbeide for kortare reisetid mot E39.
- Prioritere trafikksikringstiltak, med særleg fokus på mjuke trafikantar.

Det å vere bonde og produsere mat er eit av dei viktigaste yrka vi har. KrF vil legge til rette for eit aktivt, berekraftig og framtidsretta landbruk som utnyttar ressursar til matproduksjon i heile landet. Me arbeidar for:

- Å produsere mat der folk bur. Verne om dyrka mark til matproduksjon og legge til rette for nydyrking.
- Ta vare på strandsona slik at det kjem innbyggjarane til gode, og samtidig legge til rette for dei viktige maritime næringane.

I KrF ser vi på flyktningar som ein ressurs i bygdene og ynskjer å busetje flyktningar i heile kommunen.



Våre listekandidater

Alf Jarle Langeland

1. kandidat
59 år
Frå Valen
Kyrkjegardsarbeidar

Inger-Elin Nesheim

2. kandidat
41 år
Frå Sæbøvik
Lektor

Elisabet B. Boge

3. kandidat
18 år
Rosendal
Lærling

Iver J. Blokkum

4. kandidat
67 år
Sandvoll
Tømrar

Airin Helene Zimmer

5. kandidat
66 år
Ølve
Trygda

Frøydis Sjø

6. kandidat
67 år
Halsnøy Kloster
Trygda

Lilly Irene K. Sjø

7. kandidat
60 år
Sæbøvik
Sjølvt. næringsdr.

Johannes Solheim

8. kandidat
65 år
Sunde
Kyrkjegardsarbeidar

Ingebord Hestad

9. kandidat
21 år
Seimsfoss
Student

Rachel-Elise

Erlingsson
10. kandidat
33 år
Sunde
Sosionom

Magnhild E. Furdal

11. kandidat
77 år
Matre
Pensjonist

Astrid Naterstad

12. kandidat
60 år
Seimsfoss
Sjukepleiar

Marta Tjelle Kroka

13. kandidat
74 år
Sunde
Pensjonist

Leif K. Konestøl

14. kandidat
69 år
Ænes
Pensjonist

Knut Olav Myklebust

15. kandidat
43 år
Uskedalen
Politi

Arne-Christian Helle

16. kandidat
45 år
Valen

Magnhild D. Fjell

17. kandidat
57 år
Uskedalen

Aslaug Hellesøy

18. kandidat
69 år
Løfallstrand
Pensjonist

Arne Lindekleiv

19. kandidat
73 år
Husnes
Pensjonist

Hildegunn E. Arthun

20. kandidat
50 år
Valen
Helsesjukepleiar

Jostein Svalland

21. kandidat
63 år
Arnavik
Vaktmeister



KrF står for

Menneskeverd. Alle menneske har uendeleg stor verdi, uavhengig av kjønn, alder, legning, funksjonsnivå, politisk og religiøs ståsted, økonomi og sosial status, etnisitet og kulturell bakgrunn.

Forvaltaransvar. Me må ta vare på naturen slik at dei framtidige generasjonane òg kan få glede av han.

Nestekjærleik. Me er opptekne av dei svakaste i samfunnet. Eit rikt samfunn gir rom for mangfald der alle vert inkludert og får høve til å leve frie og sjølvstendige liv. Alle Kvinnheringar fortener sin plass i fellesskap i skule, fritid og arbeidsliv, religiøse forsamlingar og gjennom frivilligheita.

Den Kristendemokratiske samfunnsmodellen. Eit samfunn blir bygd nedanfrå og opp. Staten er til for mennesket – ikkje motsett!

Livssynsopne samfunn. Samfunn der ulike livssyn kan leve side om side med djup respekt, toleranse og openheit.



Les heile programmet vårt på www.krif.no/lokallag/kvinnherad-krf

955 18 579

aslaug.hellesoy@knett.no



Kvinnherad KrF

